

Namn på skulen: **Odda vidaregåande skule**

Tal elevar skuleåret 2016/17: **320**

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

### Skulen si vurdering i lys av:

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg frávær

Prosentdel sluttarar

### 1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	87.00%	(1*,2*,3*,4*,SLUTT-15*) (B,S,I,M)
2016/17	83.54%	(1*,2*,3*,4*,SLUTT-16*) (B,S,I,M)

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	1.49%	2.68%
	2016/17	1.15%	1.72%
Termin 2/standpunkt	2015/16	1.25%	2.35%
	2016/17	0.73%	1.43%
Eksamen	2015/16	5.69%	
	2016/17	4.52%	

### 1.3 IV grunna høgt frávær 2016/17

<b>Tal IV grunna høgt frávær – Termin 1</b>	<b>Usikre tal grunna registrering av fráværet og bruk av FAM-koder. Sjå elles gjennomsnittleg frávær i punkt 1.4</b>
<b>Tal IV grunna høgt frávær – Termin 2/standpunkt</b>	<b>Usikre tal grunna registrering av fráværet og bruk av FAM-koder. Sjå elles gjennomsnittleg frávær i punkt 1.4</b>
<p><i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i></p> <p>Elevane og lærarane har meir fokus på frávær og fráværsoppfølging. Vi opplever at det har vore ei utfordring med fagdagar i små fag, og i einskilde høve at elevar kjem sjuke på skulen.</p> <p><i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i></p> <p>Betre oppfølging av enkeltelevar med fleire samtalar. Vi tar kontakt med kvar einskild elev som har fått, eller er i faresona for å få, IV. Det har vore assistentar i fleire timar. Elevar har fått støttetimar (ein til ein). Vi har hatt studieverkstad i ulike fag.</p>	

### 1.4 Gjennomsnittleg frávær

2015/16	timar	16,96
	dagar	9,64
2016/17	timar	8,76
	dagar	5,94

**1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10**

2015/16	3.6
2016/17	5.6

**1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»**

***Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?***

Det er koda «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» på 4 av 18 elevar. Skulen har god kontroll på kvar desse elevane «blir av» resten av aktuelt skuleår.

**1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18**

***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Vi har fortsatt arbeidet med å sette inn ekstra ressursar gjennom tilbod ein «studieverkstadordning» for elevar som har behov for ekstra hjelp. Ein meiner at elevar som har hatt som mål om å oppnå karakteren 2, i stor grad har lukkast med dette.

***Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?***

Skulen arbeider tett med avgjevarskulane gjennom fastsette avtalar, som sørger for at elevar og føresette møter den vidaregåande skulen mens dei enno går i ungdomsskule. Skulen har rutinar for oppfølging av elevar etter dei har starta hos oss gjennom kontaktlærar, ressursteam og elevinspektør/rådgevar for å følgja opp enkeltelevar og leggja forholda best mogeleg til rette for at overgangen ikkje skal bli for utfordrande. Vi har overgangsmøte mellom ungdomsskule/ansvarsgrupper/vidaregåande. Det er informasjonsmøte mellom ungdomsskule/føresette/vidaregåande. YOU-rådgeving: besøk på skulane, open dag, hospitering, YOU-messe, rådgevarsamlingar.

***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

Det er viktig at elevar som står i fare for å «droppe ut» av vidaregåande opplæring får tett oppfølging og kjenner seg godt ivaretatt. Difor er det viktig med gode rutinar for å komme tidlegare i gong med oppfølginga. Tettare samarbeid mellom kontaktlærar og elev/føresette og oppfølging av kontaktlærar gjennom samarbeid med ressursteam/OT/PPT og i dei tilfella det er aktuelt,- gjennom fagopplæring/verksemder. Samstundes er det viktig å få til god dialog mellom faglærarar og elev i høve vurdering.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

Enno betre oppfølging av elevar, sosiale aktivitetar, bli-kjend kveld. Viktig med god klasseleiing, sjå og bry seg om elevane.

Halda fram med gode rutinar, men mest av alt gjera alle tilsette i stand til å «fanga opp» elevar som fell utanfor. Faglærar sitt ansvar og samarbeid med kontaktlærar i høve enkeltelevar må styrkast. Det er viktig at ein får tett dialog med elevar som startar å «slite» på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg. Det er viktig at ein kjenner til kva som blir forventa av den einskilde i organisasjonen. Vi må også få eit auka fokus på skule-heim samarbeid.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

### 2.1 Utviklingstiltak – Vurdering for læring.

*Kva var målet med tiltaket?*

Skulen ville auke si samla kunnskap om vurdering og læring, og utøve ein kollektiv vurderingspraksis som er svært gunstig for elevanes læring og kompetanseutvikling.

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Skulen har gjennomført programmet «Vurdering for læring» (VFL) – i regi av Høgskulen på Lillehammer. Programmet var nettbasert, og inneheldt ressursar som artiklar, føredrag, oppgåver, tips til utprøving i klasserom osv. Arbeidet føregjekk individuelt, i refleksjonsgrupper og i plenum, og inneheldt ti ulike leksjonar. Skulen var meldt på kollektivt, dvs at alle lærarane og skoleleiarane deltok, og brukte ca 18 månader på arbeidet (ferdig februar 2017).

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Vurdering var eit av dei obligatoriske emna skulane hadde med i sine utviklingsplanar gjennom «Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet». Gjennom resultatata frå elevundersøkinga så vi at dette er eit emne vi ville ha større fokus på.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Kurset var delt inn i 10 leksjonar som inneheldt førelesningar, individuelle oppgåver og refleksjonsoppgåver i grupper, videosnutter, alternativ litteratur osv. Skulen si planlegging bestod i å organisere *tid* og framdrift i prosjektet. Korleis skulle vi nytte fellesmøter? Korleis skulle gruppene settast saman? Korleis skulle oppgåver leverast og følgast opp? Rektor satt opp ein overordna plan for gjennomføringa, over ca. 18 mnd. Leiargruppa planla kvar enkelt leksjon undervegs, og justerte hovudplanen om nødvendig.

#### 2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiargruppa har vore tett på arbeidet gjennom heile kurset. VFL har vore tema på dei fleste fellessamlingar, og avdelingsleiarane har følgd opp lærarane individuelt og gjennom arbeidet på avdelingar og fagseksjonar.

#### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Gjennom kurset har fleire av lærarane vist eksemplar på ny praksis, og delt dette med andre. Dette har gitt gode refleksjonssamtalar med grunnlag i felles teoribakgrunn. Vi ser også at fleire lærarar planlegg samarbeid om VFL i ulike klassar og undervisningsgrupper.

**2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?**

Skulen meiner vi har lukkast i å auke den samla kunnskapen om vurdering for læring (VFL). Vi meiner også at vi er på rett veg med å skape ein meir eins praksis, der elevane tar del i vurderingsarbeidet på nye og spennande måtar. Vi trur at vi vil sjå fleire konkrete eksemplar på ny praksis i klasserom og verkstad i komande skuleår.

**2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?**

Vi var heldige som kunne følge eit godt organisert fagleg opplegg. Likevel var det ei utfordring å finne tid til å fordjupe seg i leksjonane. Mange lærarar kjente at dette kom «på toppen» av ein elles travel kvardag. Vi kunne også lagt meir tid i forankringa i starten av kompetansehevingstiltaket. Dette er første gangen skulen gjennomfører eit så stort kollektivt tiltak, der alle lærarar og leiarar vart forplikta. Nokre lærarar kjente at dette blei «tredd ned over hovuda» på dei, og kom litt skeivt ut av startblokkene. Motivasjon til deltaking og fordjuping blei i så måte ei utfordring for leiargruppa ved skulen.

**2.2 Utviklingstiltak – FYR.**

*Kva var målet med tiltaket?*

Målet er auka læringsutbytte og fullføring. Elevane skal oppleve at fellesfaga er relevant for det yrket dei satsar på.

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

FYR har vore eit satsingsområdet på nasjonalt plan. Lærarane opplever likevel at det er utfordrande fordi eksamen for elevane på YF ikkje er yrkesretta. Dette gjeld spesielt i engelskfaget.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Fordi det er og har vore eit nasjonalt satsingsområde og for å få eit enno betre samarbeid mellom programfaglærarane og fellesfaglærarane som gjer elevane meir motivasjon i fellesfaga.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Klassevise samarbeid. Fellesfaglærarane er med på verkstaden.

**2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?**

Avdelingsleiarane er med i timar. Dei inviterer og til samarbeidsmøter og statusmøter.

**2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?**

Noko. Vi opplever at lærarane ønskjer meir samarbeid enn det dei har fått til. Ei av utfordringane er at to ulike programområder er slått saman i VG2. Deltaking på verkstaden med fellesfaglærar er og noko elevane set pris på. Lærarane seier og at dei må bli betre på å samarbeide om årsplanar og vurderingar.

**2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?**

Vi har eit utviklingspotensiale. Lærarane ønskjer enno meir samarbeidstid. Vi må bli betre pådrivarar.

**2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?**

Vi må hjelpe til med å organisere meir samarbeidstid. God skulestart er viktig for å få til godt samarbeid mellom programfag – og fellesfaglærarar.

**2.3 Utviklingstiltak – AKTIV ODDA***Kva var målet med tiltaket?*

Fremja læring gjennom arbeid med ungdomsbedrift i 2ida

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Ein ville gjennom bruk av entreprenørskap som metode og tverrfagleg samarbeid i programfag og fellesfag på idrett, engasjera elevane og få til eit tettare samarbeid mellom lærarar, mellom elevar og mellom elevar og lærarar i høve læring og vurderingssituasjonar.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Skulen har tradisjon for å vera god på entreprenørskap og UB. Vi ville utvikla dette vidare frå programfaget entreprenørskap og bedriftsutvikling,- til å gjelda ein klasse i ordinære fag.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Samarbeidet mellom lærarane var ramma i starten, men elevane var dei som valde ut kva dei ville satsa på. Tiltaket har vakse fram og vorte omfattande for alle involverte. Like vel er tilbakemeldinga frå partane at det har vore arbeidskrevjande men at dei har lært mykje. Det har vore avgjerande å ha to lærarar som har erfaring frå denne type arbeid og at dei har lagt føringar for prosessen. Det har og vore viktige pådrivarar i arbeidet med fristar. Lærarane har vore flinke til å nytta sine timar, men og byta der det har vore formålstenleg.

**2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?**

Samarbeidet mellom lærarane var ramma i starten, men elevane var dei som valde ut kva dei ville satsa på. Tiltaket har vakse fram og vorte omfattande for alle involverte. Like vel er tilbakemeldinga frå partane at det har vore arbeidskrevjande men at dei har lært mykje. Det har vore avgjerande å ha to lærarar som har erfaring frå denne type arbeid og at dei har lagt føringar for prosessen. Det har og vore viktige pådrivarar i arbeidet med fristar. Lærarane har vore flinke til å nytta sine timar, men og byta der det har vore formålstenleg.

**2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?**

Lærarane har lagt opp til og gjennomført tverrfagleg samarbeid som har endra praksis for både lærarar og elevar i løpet av skuleåret. Heile klassen starta elevverksemda Aktiv Odda og har følgd prosessen gjennom heile skuleåret. Oppstart, drift og avvikling av elevbedrifta.

Elevane kom heilt til NM for UE- 2017 og vann 3. premie i klassen samarbeid med næringslivet.  
Klassen sine karakterar er gode, men det er vanskeleg å sei at det er prosjektet som er grunn til dette. Elevane seier sjølve at den lærdomen dei har fått gjennom arbeidet gjev dei kompetanse både kopla mot faga, men og sosial kompetanse og samarbeidskompetanse.

### 2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Ja, her meiner vi at måla er nådd.

### 2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

I hovudsak har organiseringa og gjennomføringa vore gjort på ein fin måte. Vi ser at det er viktig å informera betre til dei som er knytt til klassen, men ikkje er delaktig i dette arbeidet. Ein må nok og setja av fleire «milepel»'ar, der ein kan oppsummera, event. endra eller gå for dei planane ein hadde. Det blir viktig å nytta gode døme slik at dei skaper ein smitteeffekt vidare. Det blir ein leiarjobb å løfta fram desse positive prosjekta på ein god måte.

## 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

### 3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Gjennom avdelingsmøter/seksjonsmøter og fellesmøter. Den siste månaden har lærarkollegiet arbeidd med evaluering av skuleåret i tverrfaglege grupper. I samband med dette har vi også nytta dette arbeidet til rullering av skulen sin utviklingsplan.

### 3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Gjennom å ha planlagt og lagt til rette for dette arbeidet.

### 3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Leiarane forsøker å være tett på den enkelte lærar og avdelingane/fagseksjonane.

### 3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevinspektør har vore kontaktperson for elevrådet og elevrådsstyret i dette arbeidet. I 4-kantmøta har utviklingsarbeid vore gjenstand for samtale/drøfting.

### 3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Finne tid nok til dette arbeidet i læraranes kvardag, og samstundes få aksept for kor viktig dette arbeidet er for kvaliteten i skulen og dermed for elevanes læringsutbytte og fullføring.

### 3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

Skulen har som eit av hovudmåla å verta ein meir kollektiv skule. Vi arbeider på mange plan med profesjonalisering Til dette treng vi ein god møtestruktur, ein aksept for gode lærande møter og ein god delingskultur. Vi meiner vi er på veg til å lukkast med denne målsettinga.

#### 4 Ope felt - valfritt

*Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.*